

Kontaktperson:

Daglig leiar: Daniela Plozicki

Styrets formann: Olav E. Føreland

Månadsbrev

Oktober - November

Handelen sviktar - igjen

Vi veit ikkje kvifor det er slik, men frå veke 41 har omsetninga og fortenesta for butikken åkkåsa falle for mykje. Leverandørgjelda er høg og den stig frå veke til veke. Dagleg leiar kan fortele at ikkje fleire varer enn vanleg blir kasta grunna dato, noko som tyder på at varelageret har vakse. Det er difor nødvendig å kutte ned på innkjøpa våre for å få varer ut av hyllene og omsett i pengar. Det er trist for oss om vi ikkje klarer å halde vareutvalet på eit minimum ein gong.

Styret i Dølemo Nærmat må sjå nærare på kva vi skal gjere. Alternativa kan vere:

1. Nedlegging av drifta
2. Avgrense opetidene (som i Tovdal)
3. Gå ut av Jokerkjeden (Då kan ein meir bestemme prisane sjølv)
4. Fortsette som no og legge endå meir til rette for auka omsetnad.

Vi går mot jol og nyttår. For Dølemo Nærmat sin del visar tidlegare år dårleg omsetnad fram mot mars. I år har vi ikkje råd til dette! Vi håper kvar einskild av dykk ser nytta av ein lokal daglegvarebutikk på Dølemo og brukar han så mykje som dykk kan. Vi held ikkje oppe butikken for vår eigen del, men for dykk. Fleire gonger tidlegare har vi bedt om meldingar om det er ting dykk ikkje er nøgde med - utan dialog kan vi ikkje bli betre.

Brød

Etter mykje misnøye om brød og brødleverandør, er vi nå tilbake til Bakers som leverandør av desse varene. Vi håper dette byttet fell i smak hjå dykk alle.

Opetider i jola

Juleaften:	10 - 15
1. juledag:	stengt
2. juledag:	13 - 17
Nyttårsaften	10 - 16
1.januar	stengt (Vareteljing)

Økonomi

Sjå side 2.

Månadens Dølemo-Joker

Vinnaren for oktober vart **Eilef Inghart Myren** frå Vegårshei, og for november **Anne Torunn Engenes** som kvar kan kose seg med eit gavekort på kr. 500,-.
Gratulerer!




Kontaktperson:

Daglig leiar: Daniela Plozicki

Styrets formann: Olav E. Føreland

Månadsbrev

Oktober - November



Helsing styret i Dølemo Nærmat

v/Olav E. Føreland / Styreleiar Tlf: 90591955